



Til
Styret i Vinje Idrettsråd

Referat styremøte Vinje Idrettsråd 28.04.25.

Tid: 16:30- 17:00

Stad. Kommunehuset, næringskontoret

Tilstede: Knut Rosenkar Garnes, Ingar Bjørnø, Ingrid S. Tveito, Britt Marie Staaland og Aud Irene Kittelsen

Saksliste:

1. Godkjenning av innkallinga og dagsorden - *Godkjent*
2. Innkomen sak til årsmøtet:
 - a. Representant frå idrettsrådet inn i destinasjonsleiinga.
 - i. *Styret vart einige i at destinasjonsleiinga tek kontakt med idrettsrådet i saker der det er aktuelt å kople på idretten. Idrettsrådet vil stille med ein representant som kan variere frå gong til gong.*
 - b. Nasjonalt register luftfartshinder v/ Ingrid
 - i. *Kvart av laga sjekkar om dei har, og registrera luftfartshinder innan 10. mai. Om det er vanskeleg å få til ei slik registrering så må laga ta kontakt med Aud Irene Kittelsen for å få hjelp av oppmåling i Vinje kommune.*
 - c. Gjere vedtak på budsjettvedtak frå 17.12.24 om kommunal overtaking av fotballbane og skianlegg som i dag er eigd og drifta av idrettslaga, sjå vedlegg uttale frå laga
 - i. *Vinje Idrettsråd stiller seg positive til at Vinje kommune overtek fotballbanar og skianlegg som i dag er eigd og drifta av idrettslaga. Samstundes ber idrettsrådet om eit møte med administrasjonen for å sjå på korleis eigarskap, drift og bruk av anlegga bør organiserast.*
3. Kort orientering knytt til stønad ny løypemaskin IL Rein – *Administrasjonen skal ha møt i 29.4 med alle aktørar som køyrer løype i Vinje kommune for å sjå på ei løysing knytt til tilskot investering maskin til løypekøyring.*
4. Info frå idrettskretsen v/Sondre Fjellidalen - *Sjå vedlegg*

Med helsing

Aud Irene Kittelsen
næringsrådgjevar

Sendt til:
Britt Marie Staaland
Knut R. Garnes
Ingrid S. Tveito
Ingar Bjørnø

Kopi:
Jon Rikard Kleven
Åge Verpet

Sendt til:
Britt Marie Staaland
Knut R. Garnes
Ingrid S. Tveito
Ingar Bjørnø



UTTALE VEDKOMMANDE OVERTAKING AV FOTBALLBANE OG SKIANLEGG FRÅ VINJE IDRETTSLAG TIL VINJE KOMMUNE

Vinje idrettslag viser til brev frå Vinje kommune datert 3. mars 2025, der de ber Vinje idrettslag koma med ei uttale knytt til eit budsjettvedtak for 2025 der Vinje kommune skal vurdere overtaking av fotballbane og skianlegg frå idrettslaga.

Vinje idrettslag stiller seg svært positiv til dette og gjer nærare greie for årsakene til dette under.

- **Auka tilgjengelegheit:** Kommunen har eit ansvar for å sørge for at innbyggjarane har tilgang til offentleg infrastruktur, som til dømes idrettsanlegg og skianlegg. Ved å overta fotballbanen, kan kommunen sikre at banen er tilgjengeleg for alle, uavhengig av medlemskap i eit idrettslag. Dette kan også bidra til å fremme breiddeidrett og aktivitetar på tvers av ulike aldersgrupper og bakgrunnar. Fotballbanen i Åmot blir mykje bruka av både skulen og barnehagen. Banen fungerer som eit turmål for barnehagen og blir bruka både i friminutt og ulike timar i skuletida. Leik og aktivitet er viktig og bra, og plasseringa av fotballbanen er veldig bra med tanke på fysisk aktivitet for barn og ungdom. Auka fysisk aktivitet og betre folkehelse bør vera ei viktig målsetjing for kommunen. Kommunen har i ei årrekke tatt imot mange flyktningar, og fotballbanen har like lenge fungert som ein samlingsstad og ein framifrå arena for inkludering og integrering. Ljosløypa er eit vel så viktig folkehelseiltak som eit idrettstiltak. Skigruppa har berre skitreningar ei gong per veke i tillegg til skikarusell. Dette tyder at bruken av ei ljosløype hovudsakleg er knytt til uorganisert aktivitet, og fungerer mest som ei turløype for innbyggjarar i alle aldrar, både sommar og vinter.
- **Avgrensa kapasitet for idrettslaget:** Idrettslag har ofte avgrensa ressursar, når det gjeld både økonomi og tilgang til personell. Ved at kommunen overtek eigarskapen til anlegga, kan idrettslaget fullt og heilt fokusere på å nytte sine ressursar til å skape aktivitet og fokusere meir på det sportslege arbeidet framfor administrasjon og drift av eit anlegg. Idrettslaga i Vinje har ingen tilsette og all aktivitet skjer på dugnad. For å sikre dugnadsinnsats også i framtida, er det ein stor gevinst for idrettslaga å kunne bruke dugnadsinnsatsen på å skape aktivitet framfor å vedlikehalde og drifte eit anlegg.
- **Langsiktig og stabil drift:** Kommunen har eit større økonomisk handlingsrom og har tilgang til kvalifisert personell som lettare kan planlegge og gjennomføre langsiktig drift og vedlikehald av fotballbanen og skianlegg. Dette vil vera med på å sikre ei meir kontinuerleg drift/vedlikehald og betre kvalitet på anlegga. Frivillig dugnadsinnsats innom drift og vedlikehald held eit stykke på veg, men ein ser at resultatet over tid ikkje svarar til den kvaliteten ein helst skulle sett at anlegga burde ha. Det kan vera tidkrevjande for frivillige å

setje seg inn i alle oppgåver som har med drift og vedlikehald av eit anlegg å gjera, både når det gjeld krav, kunnskap og bruk av utstyr. Særleg gjeld dette oppgåver knytt til meir langsiktige vedlikehaldsplanar, tilsyn eller sesongførebuingar.

Ein ser også at eit idrettslag ikkje har alt utstyr/reiskapar som trengs for å utføre alle oppgåver, og som ein heller ikkje kan forsvare å investere i slikt utstyr dersom det blir bruka relativt lite i høve til kostnaden. Kommunen har truleg allereie mykje utstyr som kan brukast, og med overtaking av alle anlegg i kommunen så kan mykje gjenbrukast på fleire anlegg rundt om i kommunen.

- **Framtidige miljøkrav** er også eit område som ein kommune har mykje betre føresetnader for å imøtekoma enn eit idrettslag. Norges fotballforbund har estimert at kostnaden knytt til EU-forbodet mot gummigranulat vil utgjere om lag 7 mrd kroner i Noreg og er knytt til utskifting av underlag for om lag 2 000 fotballbanar. Vinje idrettslag har innført nokre miljøtiltak så langt, men skulle ha innført langt fleire. Igjen ser ein at utfordringa med at fotballbanen blir bruka av både skule, barnehage og mykje uorganisert aktivitet er med på å redusere idrettslaget sin motivasjon til å ta større ansvar knytt til dette området.
- **Vanleg med offentleg eigarskap:** I følge idrettsindeks.no er det rundt 90 % av norske kommunar som har ansvar for drift og vedlikehald av idrettsanlegg, og over 50 % alle idrettsanlegg i Noreg er eigd av det offentlege (mest vanleg i mindre kommunar). Dette er ein del av kommunens folkehelseansvar og ein måte å sikre at alle innbyggjarar har tilgang til gode idrettsfasilitetar. Mange kommunar har egne avdelingar som koordinerer bruken av slike anlegg, medan i andre tilfelle er ansvaret delegert til idrettslag, sjølv om kommunen framleis står ansvarlege for drifta og vedlikehaldet. Dette skuldast både økonomiske, praktiske og folkehelsemessige omsyn.

Overtaking av skianlegg:

Det er diverre slik at dagens ljosløype er ute av drift, grunna alder og at me ikkje lengre kan krysse Vinjeåi etter slepp av minstevassføring. Me håpar difor at Vinje kommune kan bistå oss i å etablere ei ny ljosløype for innbyggjarane i Åmot og omegn. Me ser at dagens trasé i Ormetjønn blir mykje bruka til turløype og barmarkstrening i sommarsesongen, og slik spelar ei viktig rolle i eit folkehelseperspektiv. For å sikre at den gamle ljosløypa kan bli eit framtidsretta anlegg for bruk av skigruppa vinterstid ynskjer me å presisere at det bør takast omsyn til fylgjande punkt:

- Planar om universelt utforma tursti kan vera i konflikt med ei ljosløype
- Me kan ikkje legge opp til ei framtidig løysing der me må krysse Åmot sentrum etter veg med trakkemaskin
- Dersom Vinje idrettslag skal trakke denne med si maskin i framtida, må det lagast ein trasé for kryssing av Åmot sentrum. (Det er ikkje lovleg å køyre trakkemaskin etter bilveg, så vår forsikring vil ikkje dekke eventuelle skader på maskin eller tredjepart. Det vil også føre til stor slitasje på maskina.)
- Enkelte stader i løypa blir det mykje is, og tidleg bart
- Løypa har i dag for bratte stigningar, og manglar både skistadion og mogelegheit for eit kortare løypealternativ
- Delar av løypa har ikkje god nok breidde, er ikkje grøfta, og har for grovt underlag. Dette fører til at me må ha mykje sno før me kan opne skiløypa på hausten, og i kombinasjon med tidleg bare parti på våren fører dette til ein relativt kort sesong.

Dersom nokon av punkta over kjem i vegen for å ha ei ljosløype som passar til ski er me positive til at kommunen kjem fram til anna eigna område. Vinje idrottslag har leigd inn Sweco for å utarbeide ei moglegheitsstudie, og her har me allereie undersøkt ein del av desse problemstillingane. Dette kan vera eit fint grunnlag å jobbe vidare med.

For å legge til rette for dei yngste skiløparane våre ynskjer me at kommunen er med og ser på moglegheit for å flytte skitrekket i Brubakk opp til Grovenjordet. Me ser at Brubakk blir stadig mindre bruka grunna snotilhøve, og problem med kryssing av sentrum med tråkkemaskin. På Grovenjordet er det gode moglegheiter for eit anlegg med skileik og langrennscross, og grunneigar er positiv. I tillegg er det fint om det er mogleg med sambruk av området ved småskule og fotballbanen for dei aller minste. Viss me får flytta dette anlegget så ser me liten vits i å lage ei kryssing av Vinjeåi i Brubakk.

Vinje idrottslag ser fram til vidare dialog knytt til dette temaet, og stiller gjerne opp i eit møte med kommunen om det skulle vera behov for det.

Med beste helsing

Styret i Vinje idrottslag

Vinje, 09.04.2025

Ingrid Sudbø Tveito

Morten Bråstøyl

Åse Hylland

Marit Gravir

Susanne Lien

SAK: Uttale frå IL Rein knytt til budsjettvedtak for 2025 - vurdere overtaking av fotballbane og skianlegg frå idrettslag til Vinje kommune

Bakgrunn

Vinje kommune v/administrasjonen ynskjer at IL Rein gjer ei vurdering/handsaming i laga om korleis dei stiller seg til ei kommunal overtaking av fotballbanar og skianlegg som idrettslaga eig. Det er ynskjeleg med eit innspel som er godt grunna og som tydeleg synar idrettslagas vurdering. IL Rein drøfta dette kort i årsmøte og styre er i årsmøte gjeve fullmakt til å svare på vegne av laget.

Drøfting

IL Rein er eit relativt lite idrettslag, med hovudfokus på ski og fotball. Me driv laget som alle andre på 100 % dugnad. Me har alltid vore eit lag i utvikling, spesielt mtp fornying av anlegg og utbygging. Me har hatt fokus på bolkevis utbygging, noko som fungerer men også er krevjande då prosjekt tek lang tid og gjev slitasje på personane som deltek. Me merkar slik som andre frivillige organisasjonar merka endring i samfunnet der frivillig arbeid kan virke meir og meir krevjande, samtidig som offentlege godkjennerar som til slutt skal godkjenne produktet også stiller høge krav til dokumentasjon og planlegging. Det er ikkje som før der du berre kunne låne deg ei gravemaskin og grave i veg. For oss er dette kombinera med at nye prosjekt er blitt dyre og gjennomføre og krev mykje kapital krevjande. Dyre prosjekt krev også mykje dugnadsinntekt, som igjen gjeng på akkord med det me eigentleg vil drive med. Altså aktivitet for born og vaksne i lokalområdet. Små samfunn som det me bur er heilt avhengig av eit idrettslag som skapar aktivitet.

Føringane i skrivet får Vinje kommune er ganske vide, så me vil her gjer ei vurdering slik me ser det pr i dag og kva me som idrettslag meiner kunne vore ei ynskja samdrift. Generelt ser me at om me kunne brukt meir arbeidstimar på å skape aktivitet og mindre timar på å bygge/vedlikehalde anlegg ville vore positivt for brukarane og set difor veldig stor pris på eit slik engasjement som kommunen her viser.

Edland fotballbane – banen ligg ved skulen, IL Rein

Fotballbanen er lokalisera ved Edland skule, dette var tidlegera hovudarena både for fotball og ski før klubbhuset blei flytta til Sundflaten pga vegombygging og nytt skianlegg. Vinje kommune har ein fotballstrategi der me skal ha ein 11er bane og den er lokalisera i Åmot, det synes IL Rein er ei god vurdering. Pr i dag har me ein 7 er bane i kunstgras, samt ein 7er bane i gras me ynskjer å så opp på nytt til grasbane , alternativt må det vera to kunstgrasbanar i 7er størrelse. I sesongen ser me at å berre ha ein 7er bane operativt er for lite når det er treningar og kampar samtidig. Fotballbanane er også

svært mykje nytta av Edland skule både i undervisning og friminutt. Synfaring av banen viser slitasje og då spesielt pga «fritidsbruk». Fornying av banen er satt på vendt i påvente av gode erstatningar til noverande kunstgras. Kunstgras banen blei i sin tid opparbeidd på dugnad, det sama med grasbanen. Tidlegare blei den klyppa av Vinje kommune, den ordninga blei avslutta av Vinje kommune for nokre år tilbake. IL Rein har over tid arbeid aktivt, då spesielt i Vinje Idrettsråd med at Vinje kommune må aktivt inn på finansiering av denne fotballbanen. Om ein ser til fleire nabokommunar og mange andre kommunar i Vestfold og Telemark sin idrettskrets er dette ei heilt vanleg ordning.

Konklusjon fotballbanen; IL Rein ser svært positivt på ei løysing der Vinje kommune overtek drift og vidareutvikling av to stk 7 er banar ved Edland skule. IL Rein vil vera opptatt av korleis banen blir drifta og vil vera med på vår og haustdugnad for klargjering til sesong og avslutning etter sesong. Banen i sin heilheit ligg i dag på Vinje kommune sin eigendom. Me trur at ei slik løysing vil bidra positivt inn slik at fotballgruppa kan bruke all sin energi på aktivitet og ikkje på bygging av nye banar og søknadsprosessar.

Edland skianlegg – Sundflaten ljosløype og skianlegg, IL Rein

Status pr i dag at e har 7,5 km med ljosløype, i tillegg har me ei sløyfe på ca 2,5 km som ikkje er ljossett. Løypa startar frå gamalt av ved Edland skule, med undergang under E-134 og ei skibro over elva. Trase frå skule/bornehage blir trakka av skuter i regi av Bygdefondet (pensjonst driven dugnadsgjeng).

Løypa er bygd i fleire trinn frå midten av 80 talet og fram til det me har i dag. Sidan 2019 har me gjort fleire store investeringar på 5-6 millionar over fleire søknader med spelemidlar. Ny ljosløypetrase for er betre stigningskurve, nytt mål/stadion område, alt ljos i ljosløype er bytta til LED. Prosjekta er gjennomført med spelemidlar, dugnad, lokale entreprenørar og 200 000 kr i støtte frå Vinje kommune. Ei langsiktig målsetting er at noko av løypa blir asfaltert for å kunne har sumaraktivitet i anlegget, samt at pr i dag blir bilvegen bruka som treningsarena, dette er ikkje trafiksikkert med yngre utøvarar.

Dei ble på 90 talet bygd ein større skiheis i Haukeli skianlegg ved Sundflaten. I 2020 blei dette trekket overteke av Haukelifjell skisenter då me som idrettslag ikkje hadde kapasitet og økonomi til å drifte ein så stor heis. Samtidig bygde me eit nytt billegare taugtrekk og opparbeida eit skileik område nederst i gamal alpinbakke. Dette er eit populært anlegg som køyrast på dugnad der det er svært godt oppmøte. Anlegget har faste big jumb og ein del tilhøyrande railar og boksar me set opp til sesong.

Ein viktig del av gode løyper er trakking av løypene, me investera i 2019 i ei bruka maskin som gjev oss gode løyper. Me har pr i dag 4 personar som trakkar på dugnad. Driftstid på noverande maskin er snart nådd toppen og må fornyast. Eigen søknad er sendt på dette.

Ljosløype og skianlegg går over privat grunn og idrettslaget har pr i dag avtale med 9 grunneigarar der 4 av dei får betaling etter indeksregulert avtaler.

Konklusjon Edland skianlegg; IL Rein ser positivt på eit kommunalt engasjement på driftssida i skianlegget. Her må ein vurdere fleire alternativ som aktuelle, alternativa vil også vera litt avhengig av kva Vinje kommune sine tankar rundt vidare drift vil vera. IL Rein ynskjer ikkje at ambisjonar for noverande anlegg blir nedgradera. Ei eventuell overtaking av skianlegget krev fleire avklaringar før noko slikt skjer. Der me må ta med omfang av overtaking, korleis samarbeide om vidare prosjekt i skianlegget, korleis skal trakking foregjeng osv. Om denne saken gjeng vidare er me avhengig av at arbeidsgrupper frå idrettslag og kommunen set seg ned for å utarbeide alternativ som er godt grunngjevne og haldbare over tid.

Konklusjon

IL Rein ser veldig positivt på eit kommunalt engasjement i drifta av idrettsarenaer i kommunen, me set veldig pris på eit slik initiativ . Me trur at effekten av dette vil vera positiv, tenker her på rapportar og forsking som viser at kroner som investerast i idrett og anlegg gjev meir en dobbelt tilbake i form av trivsel bulyst og folkehelse. Kort oppsummerande er fotballbanen enkel og nødvendig at kommunen overtek. Skianlegget krev nokre fleire vurderingar av omfang men me er heilt klart positive og ser eit stort behov for kommunalt engasjement her også.

Mbh

Styret IL Rein v/ leiar Knut Rosenkar Garnes

IL Dyre Vaa v/ Ingar Bjørnø

Uttale knytt til overtaking av fotballbane og skianlegg fra IL Dyre Vaa til Vinje kommune.

Fotballbane: IL Dyre Vaa stiller seg positiv til at Vinje kommune overtar ansvaret for fotballbanene på Rauland. Vedlikehold av banen er utfordrende når alt skal gjøres på dugnad, og det kommer også stadig nye regler med tanke på plast granulat, og hvordan det skal håndteres. Rauland skole er også en stor bruker av banen, noe som også gjør at vedlikeholdsbehovet er større enn hva det ville vært hvis det var kun IL Dyre Vaa som brukte banen.

Så vi er positive til [overtaking](#) men ønsker oss litt mer informasjon om hva kommunen tenker de skal gjøre med banen, plan for vedlikehold og hva som eventuelt blir idrettslagets ansvar etterpå.

Skianlegg Rauland: IL Dyre Vaa har de siste årene lagt ned en god del innsats og penger i lysløypa i sentrum, alle lamper er byttet til LED og det er lagt asfalt i ca. 2,5km. Vi har også satt opp lager og et bygg med oppholdsrom og toaletter ved skiskytteranlegget.

Ang. skianlegg trenger vi mer informasjon om hva kommunen tenker med å overta dette, det samme gjelder også skianlegget i Øyfjell.